



No er det snart eitt år sidan TI-aren opna. Mange har vore med og teke eit tak. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Besøket på kafeen TI-aren i Gamleskulen har vore noko varierende so langt i august.

Det starta med 25 tysdag 5. august, kom heilt opp i 40 tysdag 12. august og gjekk ned att til 17 denne tysdagen.

- Frammøtet er nok eit teikn på at sommaren er til endes og feriegjestane dermed borte.

Samstundes er uskedelingane enno ikkje klare for kafe-besøk, meinte 'Neset-trioen' Johanne Yri, Eva Myklebust og Guri Eide som hadde teneste denne dagen.

Men sjølv om frammøtet har vore varierende og ingenting kostar meir enn 10 kroner har det kome nesten 2.000 kroner i kassa desse tre tysdagane.

Og i september har dette tiltaket som Uskedalen Utvikling står bak og som totalt sett har vore svært vellukka vore i gang i eitt år..

Av Ola Matti Mathisen